

Kjære 3.klassing!

Laurdag 11. og søndag 12.april er du velkommen til å vere Tårnagent i Langevåg kyrkje.



Der skal vi gjere agent-ting som å utforske kyrkja, Bibelen og kyrkjetårnet. Agentane vil få ein eigen agentkode, vi skal løyse oppdrag og undersøke mysterium. På søndagen skal vi vere med på gudstenesta og vise noko av det vi har funne ut.



Vi møtest i kyrkja laurdag **frå kl 10:00 til kl 14:00.**

På **søndag treffast vi igjen kl 10:00** og held på **til kyrkjekaffien er ferdig, seinast kl. 13:00.**

Foreldre, søsken, besteforeldre, fadrar og vener er alle velkomne til Tårnagentgudstenesta som startar kl. 11.00 på søndagen.

Har du ikkje moglegheit til å vere med på søndag, kan du vere med berre på laurdag.

SNU ARKET for meir info og påmelding



DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT

Englevakter

Til de vaksne: Kan du tenkje deg å vere Englevakt?

Ei Englevakt er ein som er med nokre timar denne helga og bidreg med til dømes å følgje borna opp i kyrkjetårnet, hjelpe til med mat, gå saman med dei på symboljakt og utføre andre praktiske oppgåver.

Eller kanskje du vil stille med mat/kake eller ordne med kyrjekaffien på søndag.

Påmelding

Påmelding for agentar og englevakter skjer på internett via nettsida vår: www.kyrkja.no/sula innan torsdag 9.april kl 14.00. Denne fristen er absolutt for at vi skal kunne planlegge tiltaket godt.

Det kan bli fullt på samlinga, så det kan vere lurt å vere tidleg ute med påmelding!

Eventuelle spørsmål kan rettast på e-post til lars.havard.eikrem@kyrkja.sula.no



Håpar du vil vere med !

Helsing frå oss i Sula kyrkjelyd



DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT